



Ørjan Tvedt
Smøråslia 32
5238 RÅDAL

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1049 - 23/7560

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
27.01.2023

Etterlyser søknad om ferdigattest - gbnr 139/85 Tveiten nedre

Tiltakshavar: Ørjan Tvedt
Ansvarleg søkjar: Ingeniør Aarland As

Alver kommune viser til vedtak om dispensasjon og løyve til tilbygg til bustad og etablering av slamavskiljar på eigedom gbnr 139/85 datert 24.09.2015. Vedtaket vart fatta av Lindås kommune i historisk sak 14/3874.

Vi viser vidare til skriv frå Lindås kommune datert 06.12.2019 der søknad om ferdigattest vert etterlyst.

Vidare viser vi til epost frå Ørjan Tvedt, datert 10.12.2019 der det vert bedt om forlenging av frist for å søkje om ferdigattest.

Vi seier oss leie for at kommunen ikkje har svart på henvendinga dykkar der de ber om utvida frist. Dette er ei følgje av at kommunen har vore gjennom ei samanslåing, det har vore stor saksmengd, og sakshandsamar har vore borte frå arbeid i ein lengre periode.

Søknadspliktige tiltak skal avsluttast med ferdigattest jf. plan- og bygningslova § 21-10 og byggesaksforskrifta § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Vi kan ikkje sjå å ha motteke søknad om mellombels bruksløyve eller søknad om ferdigattest for tiltaket i tida som ha gått sidan de bad om utvida frist.

Dersom tiltaket er ferdig ber vi om at de fyller ut og sender inn søknad om ferdigattest.

Dersom tiltaket ikkje er realisert ber vi om at de melder tilbake om det.

Vi gjer merksam på at dersom tiltak ikkje er igangsett innan 3 år frå vedtaksdato så er løyvet gått ut, saka vert avslutta og du må søkje på nytt etter gjeldande regelverk.

Frist for å søkje om ferdigattest/ melde tilbake om at arbeidet ikkje er utført vert sett til 01.03.2023.

Vi gjer merksam på at dersom tiltaket er ferdig og tatt i bruk utan at det ligg føre ferdigattest eller mellombels bruksløyve kan kommunen pålegge dykk å søkje om ferdigattest.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ingeniør Aarland As
Ørjan Tvedt

Eidsvågbakken 1
Smøråslia 32

5105
5238

EIDSVÅG I ÅSANE
RÅDAL